

Retningslinjer for tilskot til utsiktsrydding – Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga

Retningslinjene byggjer på *Forskrift om tilskudd til utsiktsrydding i tilknytning til landbrukets kulturlandskap, FOR-2016-05-04-479*. Retningslinjene gjeld for Møre og Romsdal fylke.

1: Definisjonar

Kulturlandskap

Kulturlandskap er landskap som i større eller mindre grad er påverka av menneske. Landbruket sitt kulturlandskap er forma og prega av landbruksaktivitet.

Utsiktsryddinga skal medverke til utsikt, og fremje verdiar knytt til landbruket sitt kulturlandskap. Det kan ryddast på strekningar eller på område der det vil opne opp for utsikt til kulturlandskapet.

Utsiktsrydding

Tiltaket skal gje utsikt til område av verdifull karakter sett frå både landbruket og reiselivsnæringa si side. For at eit tiltak skal falle innafør ordninga, er det eit krav at ryddinga aukar opplevingsverdien på staden der det vert rydda.

Aktuelle tiltaksområde:

- Ferdselsårer, utsiktspunkt langs vegar, rasteplassar, turvegar/stiar
- Gjengrodd kulturlandskap, t.d. gjengrodd beitemark/slåttemark med utløer
- Strekningar der oppstamming og tynning kan gje auka utsikt
- Lange, rette strekningar eller lange, slake yttersvingar
- Forlenging av strekningar der det allereie er utsikt, og der ryddinga vil gje stor vinst for opplevinga i høve til kostnadene

2: Søknad og sakshandsaming

Det er fylkesmannen som fattar vedtak om tilskot etter forskrifta om utsiktsrydding. Fylkesmannen har ansvar for å gjere ordninga kjent.

Det er utarbeidd eige søknadsskjema for ordninga. Skjemaet ligg på heimesidene til Landbruksdirektoratet. Tiltaka skal teiknast inn på kart.

Søknadsfristen er 20. september 2016. Søknaden skal sendast til kommunen som skal skrive uttale.

3: Tilskot

I tråd med forskrifta kan Fylkesmannen løyve inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. Det skal leggest fram sluttrapport og rekneskap før tilskotet blir utbetalt. Dersom prosjektet blir mindre kostnadskrevjande enn det som gjekk fram av kostnadsoverslaget, vil tilskotet bli redusert tilsvarande.

4: Prioritering av søknader

Fylkesmannen vil prioritere søknadene etter fylgjande kriterier:

- **Utvalde vegstrekningar**
 1. Nasjonale turistvegar
 2. Andre strekningar som er viktige for reiselivet
 3. Prosjekt der det er mogeleg å nytte ryddingsvirket som biobrensel eller ved
 4. Prosjekt der arealet kan vedlikehaldast ved beiting etter ryddinga
 5. Prosjekt der t.d. gamal kulturmark blir rydda, for å medverke til biologisk mangfald og å legge til rette for pollinerande insekt

- **Effekt av tilskotsløyvinga**

Tiltak der kostnadene er låge i høve til tal dekar eller lengde på strekningar som blir rydda, skal prioriterast.

5: Krav til planlegging og gjennomføring av tiltak

Lovverk

Tiltakshavar pliktar til ei kvar tid å halde seg informert om gjeldande lovverk. Særskilt gjeld dette *Lov om forvaltning av naturens mangfold* (Naturmangfaldlova), *Lov om kulturminner* (Kulturminnelova), *Lov om planlegging og byggesaksbehandling* (Plan- og bygningslova) og *Lov om vassdrag og grunnvann* (Vassressurslova).

Grunneigaravtale

I alle prosjekt må det skrivast avtale med rett grunneigar om rydding. Statens vegvesen er grunneigar på riks- og fylkesvegar. Kommunen er grunneigar på kommunale vegar, og på private vegar, skogsbilvegar, turvegar m.v. er der private grunneigarar som må gje løyve til tiltaket.

Arbeidsvarsling

Det må innhentast løyve frå vegstyresmaktene før det vert sett i verk arbeid på eller ved veg. Utsiktsryddinga skal utførast i samsvar med gjeldande regelverk for arbeidsvarsling med tanke på krav til skilting, trafikkdirigering og vegstenging når det blir utført arbeid på og ved veg.

Ryddemetode

I kvart prosjekt skal det gjerast ei konkret vurdering av korleis ryddinga bør gjennomførast. I enkelte tilfelle kan det vere ønskjeleg at utsiktsryddinga skal utførast ved tilstrekkeleg tynning eller oppstamming, og ikkje snauhogst. Det må då tynnast så mykje at ein oppnår god utsikt.

Det er viktig at kappa virke, ris og/eller bar vert rydda opp og fjerna, eventuelt at riset/baret vert samla eller flisa opp og skjult i terrenget.

Bar og virke skal ikkje leggjast langs elvekantar og vatn. Det er ein føresetnad at oppryddinga vert gjort slik at kvistar og bar ikkje seinare tettast kummar og stikkrenner.

6: Moment for val av tiltaksområde

- Varsemd i forhold til økosystem

Rydding i tresona mellom veg og vatn krev varsemd. Desse sonene kan vere viktige økosystem og habitat for vilt, og regulerer både avrenning, erosjon og næringstilgang til fjorden/vatnet/vassdraget.

- Opplevingsverdi

Strekningar som vert til glede for flest mogleg, både for fastbuande og turistar, skal prioriterast. Utsiktsryddinga bør såleis gå føre seg langs mykje brukte vegar og stiar.

- Vurdering av skogen sin nytteverdi – areal som ikkje bør ryddast

Det skal vurderast om skogen har ein positiv effekt på høvesvis trafikktryggleik, erosjon/rasfare, innsyn og støy. Dersom skogen har slik nytteverdi, kan dette vere grunn til å la skogen stå.

Strekningar som ikkje bør ryddast av omsyn til trafikktryggleik kan vere skarpe yttersvingar, tunnelopningar der skogen hindrar blandingseffekt og svingete strekningar.

Det må leggast vekt på vurderingar m.o.t. innsyn og støy i område nær bustadhus og hytter, offentlege badeplassar, gode fiskeplassar, industrifelt og uryddige areal.

Der skogen verkar inn som eit stabiliserande element i skrånningar og langs vassdrag må tiltakshavar vere merksam på fare for erosjon.

7: Avgrensingar

Tiltak som fell utanfor ordninga er:

- Svært kostnadskrevjande tiltak
- Rydding av skog som er mogen for hogst
- Rydding av plantefelt
- Rydding av offentlege areal